

Ungdommens fylkesting

Årsmelding, rekneskap og budsjettforslag
frå Ungdommens fylkesutval i Hordaland
sitt arbeid i 2013



Samansetting av Ungdommens fylkesutval 2013




Navn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Lars Henrik Nesse Strømmen	Leiar	Knarvik Vg.Skule	1 år
Tonje Olsen Haga	Nestleiar	UKS. Kvinnherad	2 år
Ronja Huld Breisnes	Medlem	Hordaland AUF	1år
Gard Johanson	Medlem	Ungdommens Bystyre	2 år
Agnes H. Bernes	Medlem	Radøy Ungdomsråd	2 år
Oscar Jacobsen	Medlem	Sveio Ungdomsråd	2 år
Miriam Louise Seim	Vara	Knarvik Ungdomsråd	1 år
Thomas Rikstad	Vara (Flytta til Malaysia)	Radøy Ungdomsråd	1 år
Cecilie Engen Fredheim	Vara	Odda Vg.skule	1 år
Benedicte Hellestveit	Vara	UKS Kvinnherad	1 år
Andreas Kråkevik	Vara (Trekt seg frå UFU)	Ullensvang Ungdomsråd	1 år
Elisabeth Ebbesvik	Vara (Trekt seg frå UFU)	Tysnes Ungdomsråd	1 år

Desisjonskomiteen har bestått av følgjande:

Navn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Maria Vatnøy	Leiar	UKS Austevoll	1 år
Renate Kvam Lodden	Medlem	Sveio Ungdomsråd	1 år
Mikael Nesse Persson	Medlem	Ungdommens Bystyre	1 år

Utvalssekretær og administrasjonsansvarleg:
Ingeborg Borgen Takle, HFK

Satsingsområde

Medlem med vara	Satsingsområde
Lars Henrik Nesse Strømmen	Organisatorisk arbeid
<p>Tonje Olsen Haga (t.v.) og Thomas Rikstad (t.h.)</p>  	Kulturkort <p>Ungdommens fylkesutval har i 2013 arbeida med kulturkortet. Meininga med dette var å betre kulturkortet slik at det oppfordrar ungdom til i større grad utforske kulturlivet i byane og distrikta, samt gjøre det lettare å nytte tilbod som kino, konsertar etc.</p> <p>Arbeidet med kulturkortet starta med ein runde i Bergen der medlemmar i UFU sjekka kor kulturkortet virket og kor det ikkje virket. Vidare har UFU fokusert på å sende informasjon ut til ungdom i Hordaland, samt sanke inn informasjon om korleis kulturkortet kan bli betre.</p>
<p>Gard Johansson</p> 	Elevrådshandbok <p>I 2013 har Ungdommens fylkesutval arbeida med ei elevrådshandbok for elevråd ved vidaregåande skular i Hordaland. Handboka tar opp korleis eit elevråd bør fungere.</p> <p>Vi i Ungdommens fylkesutval starta arbeidet med elevrådshandboka på helgemøte i april. Vi utforma da eit utkast til korleis vi ynsket elevrådshandboka. Gjennom dei resterande delane av året utfylte vi og reviderte delar av handboka.</p> <p>Det ferdige resultatet ble ei handbok som vi i UFU er stolt av å kunne sende ut til vidaregåande skular i Hordaland.</p>
<p>Agnes H. Bernes (t.v.) og Cecilie Fredheim (t.h.)</p>	Oppretting og oppfølging av ungdomsråd <p>Det fyrste me gjorde når UFU var komme i gong var å få i gang fadderordninga. Alle i UFU vart fadder for nokre ungdomsråd og skulle fungera som kontakt-</p>



person for dei ungdomsråda. Me var kjapt i gong med å kontakte dei kommunane som ikkje hadde ungdomsråd og fekk ein statusoppdatering på korleis det sto til. Den 2. november arrangerte me nettverksamling på fylkeshuset. Der møtte ungdomsråd for heile kommunen og det vart veldig positivt for samarbeidet mellom UFU og ungdomsråda i fylket. I løpet av året har me hatt betre kontakt med ungdomsråda enn det har vort tidligare i UFU og me har og fått sakar frå ungdomsråd til å jobbe med.

Benedicte Hellestveit og Oscar Jacobsen



Talerett for UFU i Hordaland fylkesting

I byrjinga var det litt usikkerhet omkring kva som låg i omgrepet «talerett». UFU tenkte først at omgrepet talerett innebar forslagsrett. Men for å ha forslagsrett i Fylkestinget må ein vere folkevald.

Den andre måten å oppfatte omgrepet «talerett», er talerett som retten til å møte i Fylkestinget og orientere om sitt arbeid og syn på aktuelle politiske saker. Denne moglegheita har UFU nytta seg av fleire gongar det siste året.

Gjennom året som har gått har samarbeidet med både fylkespolitikarar og fylkeskommunen vorte styrka gjennom desse orienteringane, i tillegg til supplerande møte med fylkesordførar og fylkesvaraordførar. Fylkespolitikarane har vist stor interesse for UFU sitt arbeid når vi har orientert på møta deira. UFU ser det som ynskeleg og viktig at neste års UFU fortsett å møte minst to gongar årleg i møte i fylkesting og fylkesutval, og vil også oppfordre til å nytte seg av taleretten i dei ulike utvala der UFU vil ha mykje større reell innflytelse fordi påverknaden skjer på eit tidligare stadium i saksgangen.

Miriam Seim (t.v.) og Ronja Huld Breisnes (t.h.)

Elev- og lærlingombod

Ungdommens fylkesutval har som satsningsområde å opprette eit elev- og lærling- ombod, fordi at det i all hovudsak er eit for dårleg tilbud for lærlingar når det gjeldt rådgjeving og hjelp. Elev og lærling ombodet skal også vere eit verktøy for elevar generelt.



For å få til dette har vi hatt samtaler med fylkesordfører og fått informasjon om ein del erfaring i forhold til elev og lærling ombod. Han sa for øvrig at elev og lærling ombod hadde vore prøvd før, men hadde ikkje vore ein suksess. Eit par månader seinare hadde UFU eit møte med elevorganisasjonen. Der var optimismen angående oppretting av elev og lærling ombod mykje større. UFU og elevorganisasjonen diskuterte bl.a. kvifor og korleis elev og lærling ombodet skulle organiserast. Det var framleis ein del føresetningar som ikkje var komen på plass enda for at dette skulle kunne bli ein realitet. Vi reknar derfor med at det neste UFU får ein del å gjere for å oppnå målet om å opprette eit elev og lærling ombod.

Oppsummerande ord frå leiar

Hei!

Eit viktig år for Ungdommens fylkesutval er over. Som leiar vil eg takke for tillita eg fekk av UFT i januar 2013. For meg har det siste året vore både lærerikt og utfordrande. Eg er imponert over arbeidet UFU har gjort. Alle har støtta kvarandre og vi har blitt ein godt samansleisa gjeng.



Lars Henrik, leiar for Ungdommens fylkesutval 2013

UFU hadde første møte med fylkespolitikarane under dialogdagen 21. mars. Dialogdag er namnet på heildagsmøtet der UFU får ei innføring i struktur og politikk i Fylkeskommunen, i tillegg består dagen av møter med dei ulike avdelingane som sit på Fylkeshuset. Dialogdagen er første gongen nyvalde UFU presenterer seg for Fylkesutvalet og legg fram sine planer for året.

Året byrja med at UFU flytta sin administrasjon frå Hordaland Barne og ungdomsråd til Hordaland fylkeskommune. Dette medførte skifte av møtelokal og ny administrasjonsansvarleg for UFU og UFT. Overgangen til HFK gjekk veldig bra. Fram til sommaren var Barbara Harterink administrasjonsansvarleg, og etter sommaren vart Ingeborg Borgen Takle tilsett som rådgjevar i Organisasjonsavdelinga til Hordaland og ny administrasjonsansvarleg for UFU og UFT. Ingeborg har i løpet av det siste halvåret vore med på store omorganiseringsprosessar for Ungdommens fylkesutval og gjort ein kanonbra innsats. UFU har blant anna laga eit nytt styringsdokument for politikken til UFT.

Det ligg fleire titals arbeidstimar bak resultatet av det nye styringsdokumentet til UFT. Under Nettverksamlinga i fjor haust hadde UFU ei høyring der alle deltakarane på nettverksamlinga fekk kome med innspel til det nye styringsdokumentet.

Viktig å få med seg er at det nye styringsdokumentet for UFT ikkje er vedteke enda, men skal opp til vurdering og votering under årets UFT på Fleischers Hotel.

Bakgrunnen for det nye styringsdokumentet er å gjere arbeidet til UFU lettare og politikken til UFT enda meir tydeleg. Kjempe fint om du les godt gjennom det nye styringsdokumentet, kalla «Ungdommens planprogram», før samlinga startar laurdags morgon. Store delar av tinget vil omhandle dette dokumentet.

Utanom arbeidsprosessen med nytt styringsdokument har UFU hatt fleire møter med fylkesordførar, Tom-Charter Nilsen og fylkesvaraordførar, Mona Hellesnes. Og UFU var i fjor haust inne hos Fylkesutvalet og orienterte om sitt arbeid. Hovudtemaet under dette møtet med Fylkesutvalet var Elevrådshandboka. Vi ynskja tilbakemelding frå politikarane. Eg oppmodar sterkt at neste UFU byrjar straks med trykking og utsending av den ferdige Elevråds-handboka.

Barbara og Ingeborg, dykk har gjort ein sær sars god jobb for UFU. Administreringa av UFU og UFT har vore knallgod!

Til slutt vil eg bringe eit stort takk til Cecilie, Benedicte, Agnes, Miriam, Tonje, Ronja, Gard, Oscar og Thomas for eit fantastisk, minnerikt og inspirerande år. Saman har vi skapt Ungdommens fylkesutval 2013. Takk for at dykk har vore med på laget!

Administrasjon

2013 var eit overgangsår for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting med tanke på administrative ressursar. Hordaland Barne- og ungdomsråd, kor UFU og UFT har hatt sekretariatet sitt frå starten i 1997, gav ansvaret vidare til Hordaland fylkeskommune etter avviklinga av Ungdommens fylkesting i 2013. Astrid Marthinussen, daglig leiar i Hordaland Barne- og ungdomsråd vart takka av med ein blome under UFT 2013. Barbara Harterink, som jobbar i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune, har vore administrativ kontaktperson frå Hordaland fylkeskommune og tok i februar og over ansvaret for sekretariatet til UFU.

I juni 2013 vart Ingeborg Borgen Takle tilsett som rådgjevar i Organisasjonsavdelinga til Hordaland fylkeskommune, med ansvar for blant anna Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Ho har fått hjelp frå Berit Dianne Kilvær og Thamina Khan med administrative oppgåver.

Samarbeidet mellom UFU og administrasjonen har fungert bra.

Dette har skjedd i år

Helgemøte 19-22 april 2013.

UFU hadde eit helgemøte på Fløksand i Nordhordland. Dette skulle vere ei arbeidshelg, der tanken var at vi skulle få gjort unna arbeid i forhold til satsingsområda våre. Dette skulle også vere ei helg der UFU knyta band, og blei betre kjent.




Vi hadde det veldig sosialt, og stemninga var på topp. Vi fekk besøk av fylkesordfører Tom-Christer Nilsen på laurdagen. Gjennom det besøket fekk vi masse tips angående generell fylkespolitikk, og eit stort innblikk i regional senterstruktur. Vi fekk også uttale oss om ting som vi syntes var viktig i forhold til ungdom i fylket, og andre ting som vi lurte på. Møtet med Tom-Christer var både lærerikt og inspirerende. Kommunikasjonen mellom fylkespolitikarar og ungdomspolitikarar følte vi alle blei betra, og at eit samspel i framtida hadde blitt lagt betre til grunn for no.

Vi fekk gjort unna mykje på dette møtet. Vi fekk bl.a. utarbeida eit utkast til elevrådshandboka, og starta planlegginga til nettverkssamlinga vi skulle ha i haust. Heile helga handla også om å bli betre kjent med UFU. Gode sosiale band mellom medlemmene syntes alle var ei føresetnad for at arbeidet til UFU skulle bli så godt som mogleg.



European Youth Standing Against Extremism

Den 3. juni 2013 reiste Cecilie Fredheim, saman med 8 andre ungdommar frå Hordaland, til London for å delta på seminaret European Youth Standing Against Extremism. Målet med seminaret var å bekjempe ekstremisme, med ungdom som målgruppe. Hovudtema var ekstremisme innan sport, religiøs ekstremisme, mobbing, ekstremisme mot romfolk og og ekstremisme retta mot innvandra- rar og flyktningar.



I London deltok også ungdommar frå Storbritannia, Italia, Portugal og

Litauen. Dei nærare 50 ungdommane diskuterte forholda i landa, og utarbeida forslag til prosjekt for å motarbeide ekstremisme innan dei ulike områda.



I etterkant av heimreisa den 8. juni har Cecilie vore på

fleire møte med dei andre norske ungdommane som deltok, og eit prosjekt på tvers av landegrensene er i planfasen.

Studietur til Nederland

Den 16. til 18. oktober drog Agnes på studietur med styringsgruppa og arbeidsgruppa for Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel. Turen gjekk til Nederland og til byene Groningen, Zuidhorn, Lelystad og Almere. Noko som vart erfart på turen var at dei var veldig flinke til å leggje til rette for ungdom og studentar i Nederland, både når det gjeld transport, skule og fritidstilbod. På



turen var det og politikarar frå heile fylket, og det var svært kjekt sjå at dei interesserte seg i UFT sine sakar og meiningar. Formålet med turen var å få erfaringar, sjå løysingar og få idear til vidare arbeid med planen.



Barne- og Ungdomskonferansen 2013

Benedicte Hellestveit og sekretær Ingeborg Borgen Takle representerte UFU på Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet sin Barne- og Ungdomskonferanse 28. og 29. oktober i Stavanger. Konferansen setje søkelyset på å sikre eit godt og inkluderande oppvekstmiljø for barn og unge, på rus, og på korleis barn og unge skal bli høyrde på best mogleg måte. Delegatane fekk høyre ulike foredrag og innlegg om temaet og fekk også moglegheita til å delta på ulike parallellseminar om til dømes innflytelse gjennom ungdomsråd eller om demokrati, deltaking og stemmerett

Nettverkssamling 02.11.13

I år vart det arrangert nettverkssamling for alle ungdomsråda i Hordaland Fylkeskommune. Nettverkssamlinga vart arrangert på fylkeshuset den 2. november og 31 ungdommar møtte. Tema som vart tatt opp på nettverkssamlinga var kulturkortet, debatt-teknikk, korleis kan ungdomsråd få stemma si høyrd i kommunen og UFT sitt handlingsprogram.

Marianne Osen Askvik frå Kunst- og kulturformidling hadde ei innleiing om kulturkortet. Etterpå vart det diskutert om korleis kulturkortet kan bli betre, og kva andre tilbod det skal gjelde for. På debatt-teknikk møtte Mathias Fisher frå Bergens Tidende å snakka om korleis ein kan bli betre på å skrive debattinnlegg. Ungdommen fekk og prøve seg på å skrive eit debattinnlegg sjølv. Stian Davies frå Askøy AUF haldt eit interessant innlegg om korleis ein stemma si høyrd i kommunen.

På slutten av dagen jobba alle med UFT sitt handlingsprogram, Gjertrud Toft Erichsen frå Hordaland Idrettskrets hjalp til. Det var jobba i grupper og alle fekk komma med punkter som dei ville ha inn i handlingsprogrammet.

Nettverksamlinga opplevde UFU som svært vellukka og me har i tillegg fått positive tilbakemeldingar frå ungdomsråda.

Helgemøte 10-12. 01. 2014

I forkant av UFT heldt UFU eit siste helgemøte 10.-12. januar. Vi innleia helga med eit møte med fylkesvaraordførar Mona Hellesnes på Fylkeshuset, der vi planla hennar rolle på UFT og tok imot kommentarar angåande det nye Ungdommens Planprogram. Sjølve helgemøtet gjekk føre seg på Montana Vandrarheim. UFU brukte helga på planlegging av UFT, skriving av årsmelding og ferdigstilling av Ungdommens Planprogram i samarbeid med Desisjonskomiteen. I tillegg var det som vanlig god stemning og vi hygga oss saman heile helga.



Møteoversikt 2013

MØTE	DATO	SAKER PÅ SAKSLISTA I TILLEGG TIL DEI ORDINÆRE SAKENE.	STAD
Oppstartsmøte	15.02.13	Fordeling av satsingsområde, halvårsplan, fadderfordeling	Fylkeshuset
1. ordinære møte	22.02.13	Fortsetting på halvårsplan	Fylkeshuset
Førebuing til dialogdagen	15.03.13	Fylkesutvalet 21. mars, samling av UR-kontaktinfo	Fylkeshuset
Dialogdag	21.02.13	Heildagsmøte med avdelingane på Fylkeshuset og presentasjon av UFU for Fylkesutvalet	Fylkeshuset
Helgemøte	19.-21.04.13	Arbeid med satsingsområde, førsteutkast til program for nettverksamling, skrive ein høyringsuttale til «Regional transport og utbyg-	Fløksand

		gingsplan for Bergensområdet», Elevrådshandboka	
2. ordinære møte	15.05.13	UFU har fått si eiga mali, ungdommens.fylkesutval@hfk.no , dato for Nettverkssamlinga til hausten, klassejusteringssaka, vidare arbeid med satsingsområda	Fylkeshuset
3. ordinære møte	05.06.13	Deltakarar til ressursgruppe for Kulturkortet, ferdigstilling av elevrådshandboka, ny halvårsplan, ferdigstille eit skriv til ungdomsråda	Fylkeshuset
4. ordinære møte	30.08.13	Møteplan 2013, Elev- og lærlingombod, Kulturkortet, Nettverkssamling, Tinget	Fylkeshuset
4. ordinære møte	20.09.13	Avlyst, grunna for få medlemmar som stilte	Fylkeshuset
5. ordinære møte	04.10.13	Handlingsprogram, Nettverkssamling, Tinget, Moglegheitsstudie på Hjeltnes, Elev- og lærlingombod og Kulturplanen	Fylkeshuset
Dagsmøte	15.10.13	Budsjettgjennomgang med økonomidirektør, kultursjef, samferdsel og opplæring Arbeid med Handlingsprogrammet	Fylkeshuset
6. ordinære møte	15.11.13	Avlyst, grunna for få medlemmar som stilte	Fylkeshuset
7. ordinære møte	29.11.13	Mandat for UFT, Budsjett 2014, Tinget, Handlingsprogram, Møteplan 2014, Fråsegn til høyringsnotat om lovfesting av medverknadsorgan for unge, fråsegn til fylkesrådmannens forslag til budsjett 2014, Tilskotsordning for kollektivtransport i distrikta	Fylkeshuset
Helgemøte	10.- 12.01.14	Førebuing til tinget	Montana Vandrarheim

Økonomi

Som tidlegare nemnt har overgangen frå HBUR til HFK vore ein omfattande, men naudsynt, prosess. Det ser ein ikkje minst i samband med økonomien. Hordaland barne- og ungdomsråd hadde sekretariatsfunksjon, og dermed ansvar for rekneskapet, i desember 2012 og januar 2013. Dei har tradisjonelt operert med rekneskapsår frå desember til desember. Hordaland fylkeskommune tok over ansvaret i februar 2013, og endra rekneskapsåret til å følgje kalenderåret. Det vil seie at rekneskapet er for 13 månader, 1.12.2012-31.12.2013.

Når to ulike rekneskapssystem skal settast saman vert det nokre utmaningar, og det var ei periode usikkert kor mykje midlar Ungdommens fylkesutval hadde til disposisjon. Det var ikkje klart før på hausten, og UFU satt med meir midlar enn dei trudde. Rekneskapet går derfor i pluss med kr 66 846. Det er viktig å merke at dette berre er budsjetterte midlar. Det vil seie at verken overskot eller underskot er noko ein tek med seg frå år til år. Midlane som vart til over i 2013 kan ikkje UFT ta med seg til 2014.

Det er nokre få avvik som er verdt å nemne:

- I Hordaland fylkeskommune vert lønnsmidlar, porto, telefon, internett, strøm, vask og lokalleie dekkja av organisasjonen. Alle desse postane visar derfor at ein har brukt mindre enn planlagt.
- Grunna at UFU ikkje visste beløpet dei hadde tilgjengeleg vart dei råda til å ha ein dags nettverkssamling i staden for to med overnatting. Kostnadane på nettverkssamlinga er derfor mykje lågare enn budsjettert, på same måte som at inntektene på nettverkssamlinga er kr 0.
- Reiseutlegg UFU skulle vore kr 4 150 høgare, men grunna overgangen og nytt system for reiserekning fekk ikkje UFU registrert alle reiserekningane før årsskifte. Den kostnaden kjem derfor på 2014.

Ungdommens fylkesutval har hatt eit høgare budsjett i 2013 enn ein visste. Hordaland fylkeskommunes budsjett for 2014 visar at Ungdommens fylkesting er tildelt kr 230 000 kr, ein aukeing på kr 5 000, men reelt er aukeinga mykje høgare fordi kostnader til sekretariatet ikkje vert tatt frå UFT sitt budsjett.



Rekneskap 2013

Inntekter 2012	Budsjett 2013	HBUR*	HFK**	2013	Avvik
Overført frå HBUR	0	0	15 105	15 105	15 105
Fra fylket driftstøtte	225 000	0	225 000	225 000	0
Innbetalt egenandel Tinget	90 000	87 500	4 005	91 505	1 505
Renter 2012	67	67	0	67	0
Overført 2012	5 034	5 034	0	5 034	0
Nettverksamling 2013	50 000		0	0	-50 000
Totalt utgifter	370 101	92 601	244 110	336 711	-33 390

Utgifter 2012	Budsjett 2013	HBUR	HFK	2013	Avvik
Betaling HBUR	0	0	40 000	40 000	-40 000
Lønnsmidler 012/2013	80 000	50 445	0	50 445	29 555
Porto	2 000	1 377	0	1 377	623
Telefon - faks og internett	2 500	1 811	0	1 811	689
Kopiering og rekvisita	10 000	5 875	0	5 875	4 125
Arbeidsutvalgsmøter	30 000	2 979	12 976	15 955	14 045
Reiseutlegg UFU***	12 000	693	1 620	2 313	9 687
UFT - hotell og mat	140 000	3 793	118 727	122 520	17 480
Møteledere til UFT	1 500	0	0	0	1 500
Strøm,vask og lokalleie	2 500	4 477	0	4 477	-1 977
Reise til konferanser	20 000	0	10 165	10 165	9 835
Gebyrer	350	96	57	153	197
Annet****	4 251	5 763	3 180	8 943	-4 692
Nettverksamling 2012	65 000		5 832	5 832	59 168
Totalt utgifter	370 101	77 307	192 557	269 864	100 236

Balanse	0	15 294	51 553	66 846
----------------	----------	---------------	---------------	---------------

*1.12.2012-31.1.2013

**1.2.2013-31.12.2013

*** 4150 kr som skulle vore på Reiseutlegg UFU i 2013 vert ført i 2014. Sjå avsnittet økonomi i årsmeldinga for meir informasjon

****Inkl. honorar

Hordaland barne- og ungdomsråd hadde sekretariatsfunksjon, og dermed ansvar for rekneskapet, i desember 2012 og januar 2013. Dei har tradisjonelt operert med rekneskapsår frå desember til desember.

Hordaland fylkeskommune tok over ansvaret i februar 2013, og endra rekneskapsåret til å følgje kalenderåret. Det vil seie at rekneskapet over er for 13 månader, 1.12.2012-31.12.2013. Det er også grunna til at rekneskapet har to ekstra kolonner.

Budsjett 2014

Inntekter	Budsjett 2014	Regnskap 2013	Avvik
HFK	230 000	230 000	0
HBUR	0	15 104	-15 104
UFT (eigenandel)	100 000	91 505	8 495
Nettverkssamling (eigenandel)	85 000	0	85 000
Totalt	415 000	336 609	78 391

Utgifter	Budsjett 2014	Regnskap 2013	Avvik
Utgifter HBUR*	0	98 109	-98 109
Trykking	10 000	5 875	4 125
Møtevirksomhet	15 000	15 955	-955
Reise	15 000	2 313	12 687
UFT	170 000	122 520	47 480
Nettverkssamling	145 000	5 832	139 168
Honorar	10 000	2 340	7 660
Kurs og konferansar	50 000	10 165	39 835
Gebyrer	0	153	-153
Annet	0	6 603	-6 603
Totalt	415 000	269 864	145 136

Balanse	0	66 745
----------------	----------	---------------

*Betaling, lønn, porto, telefon, kopiering og strøm vask og lokalleie